
Saksnr: 2020/46352-18
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti
Dato: 13.09.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkeskommunedirektøren

E134 Haukelivegen AS - generalforsamlinga sitt vedtak om auka bidrag til selskapet

I møte 01.06.21, sak 135/21, vedtok fylkesutvalet at fylkeskommunen sin eigarrepresentant på generalforsamlinga skulle røyste mot styret i E134 Haukelivegen AS sitt forslag om kostnadsdeling for 2022.

Jannicke Bergesen Clarke representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga 11.06.21, og hadde på førehand sendt selskapet forslag om at gjeldande kostnadsdeling skulle vidareførast (scenario A med 3 % auke i inntekter og kostnader). Eigarrepresentanten kravde også at sak om kostnadsdeling for 2023 og seinare år vert gjort grundig greie for til generalforsamlinga neste år, gjerne med ei vurdering av potensialet for andre inntektskjelder og om driftsnivået er føremålstenleg.

Generalforsamlinga vedtok styret sitt forslag om å auke eigarane sine bidrag til selskapet med 30 % for 2022. Eit fleirtal av aksjonærane, representantar for 350 aksjar, røysta for auken, medan eit mindretal, representantar for 20 aksjar, Vestland fylkeskommune og Lier kommune, røysta mot. Av totalt 460 aksjar var 370 aksjar i selskapet representert på generalforsamlinga.

I forkant av generalforsamlinga hadde Vestland fylkeskommune, ved e-post 09.06.21, gjort selskapet merksam på at eit vedtak om å auke eigarane sitt bidrag krev samrøystes vedtak. Ifølgje aksjelova § 5-20 første ledd, nr. 1, er det krav om tilslutning frå alle aksjeeigarane, når ei avgjerd inneber

«1. at aksjeeiernes forpliktelser i forhold til selskapet økes...»

Generalforsamlinga kan altså ikkje gjennom fleirtalsvedtak pålegge ein aksjonær å yte tilskot, lån eller garantiar, eller ei utviding av eksisterande plikt, overfor selskapet.

Unntaket er dersom dette er avtalt i aksjonæravtale eller anna avtale. Dette er ikkje tilfelle for eigarane av E134 Haukelivegen AS. I samband med at interessefelleskapet Haukelivegen vart avvikla og aksjeselskapet E134 Haukelivegen AS vart stifta i dette sin stad i 2000-2001, gjorde eigarane politiske vedtak om kor mykje den enkelte skulle gje i driftstilskot, basert på selskapet sitt utarbeidde budsjett. Hausten 2001 vedtok Hordaland fylkeskommune å yte eit samla driftstilskot til selskapet på 50 000 kr for 2001 og tilsvarande for det påfølgjande året. Summen har sidan blitt oppjustert år for år.

Ein auke på 30 % vil opplagt utgjere ein auke i forplikningar som fell inn under aksjelova § 5-20 første ledd, nr. 1. Sidan generalforsamlinga sitt vedtak om kostnadsdeling ikkje har tilslutning frå alle eigarane, er det ikkje eit gyldig vedtak. Fylkeskommunen gjorde selskapet merksam på dette på ny ved brev av 20.08.21.

Selskapet, v/dagleg leiar, responderte på dette brevet ved e-post til fylkesordføraren av 23.08.21. Der viser dagleg leiar til at det vart gjennomført eigarmøte i selskapet 23.04.21 og at det derfor meir er avtalelova enn aksjelova som er førande i saka.

Til dette litt ufullstendige resonnementet vil fylkeskommunedirektøren påpeike at sidan eigarane i eit eigarmøte ikkje treff vedtak, men i høgden gir «signal», har det sjølvsagt ikkje oppstått ei avtalerettsleg forplikting for eigarane etter eigarmøtet 23.04.21. At det ikkje eksisterer noko møtereferat, understreker at møtet hadde eit uformelt preg.

Generalforsamlinga sitt vedtak om kostnadsdeling for 2022 er altså ugyldig. Dette medfører at det ikkje har verknad, korkje for Vestland fylkeskommune eller dei andre aksjonærane.